

ID 376.25
AMH/thm

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo

Høyringsinnspel til Meld. St. 24 (2024-2025), Havbruksmeldinga

Sunnhordland er ein langstrakt og stor øyregion, som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Her bur 65 000 innbyggjarar. Regionen har eit høgt aktivitetsnivå innan havbruk, og står for ein betydeleg del av Noreg si eksportnæring. I ei omstillingstid, der regionen skal gradvis skal bevege seg vekk frå olje og gassnæringa, er havbruk eit svært viktig satsingsområde i tida frametter. Det er forventa ei auka satsing innan berekraftig produksjon og ein auke innan foredling av laks i Sunnhordland. Ei viktig satsing for å utvikle fleire framtidsretta arbeidsplassar i regionen vår.

Vi støtter regjeringa si målsetting om auka matproduksjon, fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping, og at næringa skal drivast på ein berekraftig måte. Gjennom gode rammevilkår kan næringa i vår region vekse samtidig som belastninga på fjordane, villfisken og naturen er berekraftig.

Vi meina likevel at meldinga legg til grunn ei totalt endra regulering utan at vi veit nok om kva konsekvensar dette får for samfunn og enkeltaktørar.

1. Sunnhordlandsrådet ber om at det vert gjort grundige utgreiingar av kva konsekvensar prinsippa i havbruksmeldinga kan få før Stortinga tar avgjersle om ei stor endring av rammevilkår for ei svært viktig næring for norsk matproduksjon. Dette må gjerast før ein gjer ei prinsipiell avgjersle om dramatisk endring av forvaltninga av havbruksnæringa.
2. Det er svært viktig med føreseielegheit for næringa, men også for vertskommunar. Det må utgreiast korleis endringar som er framlagt i havbruksmeldinga vil gå ut over finansieringa av havbruksfondet. Det er viktig at vertskommunar har insentiv til å leggje til rette for havbruk, og dette må ivaretakast og i framtida.
3. Det vil truleg ta år før endringane som skissert i havbruksmeldinga kan bli implementert. Sunnhordlandsrådet meiner det er svært viktig at nedtrekk i PO3 og PO4 kan aukast opp att i teknologinøytrale produksjonsmetodar som gjer lavutslepp av lus. Det må opprettast ei teknologinøytral miljøfleksibilitetsordning snarast.
4. Sunnhordlandsrådet har fått tilbakemeldingar frå våre havbrukararar at dei er svært usikre på kva for konsekvensar det vil få å fjerne mengdeavgrensing (MTB). Vi meiner dette må utgreiast grundig før det evt. vert teke vekk.
5. For mange av dei mindre oppdrettarane er og samdrift heilt avgjerande. Vi meiner derfor at moglegheit for samdrift og samlokalisering må vidareførast.

6. Angående areal meiner vi at det må bli etablert tydelege retningslinjer for korleis areal skal leggjast ut, kva for kunnskap som skal leggjast til grunn og kven som skal finansiere utgreiingane. Det er krevjande for mindre kommunar og ha midlar og kompetanse til å lage gode nok kunnskapsgrunnlag for å legge til rette for god arealbruk.
7. Løyver til særskilte formål. Vi vil på det sterkaste frårådde å fjerne særloyyver, som undervisningskonsesjonar, visningskonsesjonar og forskingsløyver. Til dømes bidrar undervisningskonsesjonar til attraktiv, realistisk og kvalitet i undervisninga i praktisk akvakultur. Å fjerne ei ordning som fungerer slik den er tiltenkt, og som gjev elevane i regionen vår ei enorm auke i kunnskapen og forståinga for det praktiske arbeidet innan akvakultur, vert å gå i heilt feil retning.
8. Sunnhordlandsrådet meiner det må forskast ytterlegare på kva andre faktorar som spelar inn på villaksbestanden i elvene. På den måten kan ein betre vurdere kva tiltak som faktisk nyttar for å halde på, og styrke, villaksbestanden.
9. Vi har merka oss at det er stor usikkerheit rundt lusekvotesystemet. Meldinga byggjer på modellbaserte estimat for lakseluspåverknad i vårt område, PO3 og PO4, samstundes som vi ser at dagens områdeinndeling har klare svakheiter. Modellane fangar ikkje opp variasjonar i førebyggjande innsats, lokalitetsspesifikke miljøforhold og faktisk dokumentert praksis. I fleire tilfelle har lokalitetar med låge lusetal over lang tid blitt råka av reguleringar grunna modellestimat. Vi meina det må takast høgde for at lakselus har ulik påverknad avhengig av eksponering og geografisk plassering. Lokalitetar som ligg skjerna til i fjordsystem har andre sirkulasjonshøve enn lokalitetar som ligg meir ope mot havet, der straum og vassgjennomstrøyming reduserer smittepresset. Det må sjåast nærare på områdeinndeling
10. Sunnhordlandsrådet meina at det må utgreiast meir om det er hensiktsmessig å fjerne løyver knytt til art. Vi ynskjer å leggje til rette for oppdrett av nye artar, og vårt næringsliv har alltid vore i front når det gjeld innovasjon innanfor havbruk, både når det gjeld lavtro artar og anadrome artar. Konsekvensen av å fjerne løyver knytt til art kan gjere det vanskeleg å legge til rette for til dømes torskeoppdrett i områder kor det ikkje kor det ikkje er aktuelt å drive med lakseoppdrett.

Vi vil til slutt påpeike at det å skape usikkerheit rundt havbruksnæringa og rammetilhøve over fleire år skapar usikkerheit rundt evna til å investere og potensielt redusert finansieringsvilje blant finansinstitusjonar. Det er derfor stor fare for nedbygging av næringa når det er så stor grad av politisk usikkerheit. Dette må regjering og storting ta inn over seg, og sørge for at målet om auka matproduksjon frå ei berekraftig havbruksnæring, auka verdiskaping og auka tal arbeidsplassar ikkje fører til det motsette. Sunnhordlandsrådet vonar Nærings- og fiskeridepartementet tar regionrådet sine innspel til grundig vurdering i den vidare handsaminga av saka.

Sunnhordland, 13. mai 2025

André Mundal Haukås
Regionrådsleiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar